

BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 01/25

Dato: 05.02.2025 kl. 09.00 – ca. kl. 11.00

Stad: Bykle rådhus, kommunestyresalen

<u>Til stades:</u> Olav Mandt, leiar Tor Hallvard Mosdøl, nestleiar Ingrid Helle, medlem Geir Anders Breive, medlem <u>Forfall:</u> Anne Blix Grimestad, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Maren Stapnes og Tor Ole Holbek Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Adminstrasjonen v/ Karina Sloth (kommunedirektør) og Ragnhild Hoslemo (tenesteleiar) Hovden Skigymnas v/Arild Eielsen (styreleiar) og Micke Pålsson (dagleg leder)
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

SAK 01/25	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 13.11.24
SAK 02/25	KONTROLLUTVALET'S ÅRSMELDING 2024
SAK 03/25	UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR
SAK 04/25	RUTINE FOR OVERSENDING AV TILSYNSRAPPORTER TIL KONTROLLUTVALET
SAK 05/25	FORELØPIG INNBERETNING MISLIGHETSSAK
SAK 06/25	REVISOR ORIENTERAR

Orienteringar

Styreleiar og dagleg leiar på Hovden Skigymnas kjem frå starten av møte for å orientere om:

- Kort presentasjon av selskapet
- Generell drift
- Økonomiske rammevilkår (frå kommunen samt kommunale bevillingar i forhold til deres budsjettforslag)

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Referatsak

Ref. 01/25 Styrevedtak Hovden Skigymnas AS

Underskrift

Olav Mandt
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

SAK 01/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 13.11.24

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 13.11.24 vert godkjent.*
- 2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 13.11.24

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 13.11.24 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

- 1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 13.11.24 vert godkjent.*
- 2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

SAK 02/25 KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING 2024

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1. Framlegg til årsmelding for 2024 vert vedteken.*
- 2. Årsmeldinga sendes kommunestyret til orientering.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Framlegg til årsmelding for 2024

Bakgrunn for saka:

I kommunelova §23-5 står det at kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid. Det er etablert ein praksis med å utarbeide ei enkel årsmelding frå kontrollutvalet.

Eg har utarbeida eit framlegg til årsmelding som vert lagt fram for godkjenning. Utvalet sender den endelege årsmeldinga vidare til kommunestyret til orientering.

Framlegg til vedtak:

1. Framlegg til årsmelding for 2024 vert vedteken.
2. Årsmeldinga sendes kommunestyret til orientering.

SAK 03/25 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at ein kan konkludere med at revisor tilfredsstiller kommunelova og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Uavhengighetserklæringar frå dei oppdragsansvarlege revisorane Tor Ole Holbek og Tommy Pytten.

Bakgrunn for saka:

Oppdragsansvarleg revisor skal i medhald av forskrift om kontrollutval og revisjon §19 kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstiller dei krav til uavhengighet som går fram i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Framlegg til vedtak:

Basert på revisors eigenvurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at ein kan konkludere med at revisor tilfredsstiller kommunelova og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

SAK 04/25 RUTINE FOR OVERSENDING AV TILSYNSRAPPORTER TIL KONTROLLUTVALET

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek vedlagte rutine for oversending av tilsynsrapportar med tilhøyrande dokument. Kommunedirektør bes følgje opp rutinen og oversende tilsynsrapportane i tråd med denne.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til rutine datert 21. januar 2025

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld rutine for oversending av tilsynsrapportar m.m. frå kommunen til kontrollutvalet.

Gjennom året blir det gjennomført ei rekkje tilsyn frå statlege tilsynsetatar. Nokre av tilsyna er planlagde, medan andre er hendingbaserte tilsyn. For kontrollutvalet er det nyttig å verte halde orientert om resultata frå dei gjennomførte tilsyna.

For å sikre ein einheitleg praksis for oversending av tilsynsdokumenta i dei ulike deltakarkommunane, har Agder Sekretariat teke initiativ til å utarbeide denne rutinen.

Rutinen er ei skildring av kva dokument som skal sendast over til kontrollutvalet og når dei skal sendast. Forslag til rutine har blitt sendt ut til kommunedirektørane der det vart gjeve høve til å kome med tilbakemeldingar. Ein kommunedirektør kom med slik tilbakemelding, der det vart føreslått å utvide rutinen med føresegner knytt til handsaming av rapportar unntatt offentlegheit. På bakgrunn av dette er rutinen korrigert.

Vurderingar:

Praksisen med å oversende tilsynsrapportar og diverse oppfølgingsdokument har fungert noko ulikt i våre 13 kommunar. Dette har synleggjort behovet for ein felles rutine. Det vil vere enklare for alle å forhalda seg til ein skriftleg rutine.

Kontrollutvalet har som kjent rett til ei kvar opplysning og kvart dokument som utvalet finn nødvendig. Det er likevel ikkje nødvendigvis alltid behov for å få teiepliktige opplysningar så lenge innhaldet ikkje blir endra ved å sladde desse opplysningane. Ein sladdet rapport er enklare å handsame enn ein teiepliktig rapport. I nokre tilfelle vil det likevel vere nødvendig å behalde ein rapport unntatt offentlegheit. Rutinen ivaretek korrekt handsaming av rapportar unntatt offentlegheit

Kontrollutvalet bes vedta vedlagte rutine.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek vedlagte rutine for oversending av tilsynsrapportar med tilhøyrande dokument. Kommunedirektør bes følgje opp rutinen og oversende tilsynsrapportane i tråd med denne.

**SAK 05/25 NUMMERERT BREV NR. 1-25 FRÅ REVISOR, FORELØPIG
INNBERETNING MISLIGHETSSAK**

Handsaming i møte:

Lukking av møte:

Leiar foreslo å lukke møtet under orientering frå revisor med henvisning til KommuneLOVA § 11-5 – jf. OffentlegLOVA §24.

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

Vedtak:

Kontrollutvalet lukker møtet under orientering frå revisor med henvisning til KommuneLOVA § 11-5 – jf. OffentlegLOVA §24.

Møtet blei lukka. Revisor orienterte i saka.

Møtet blei opna att.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors foreløpige innberetning til orientering.

Kontrollutvalet ber om å bli forelagt endeleg innberetning når saka er endeleg klarlagt.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Agder Kommunerevisjon IKS nr. brev 1-25 datert 03.02.25, unntatt offentlighet, jf. offl. §24 (ettersendes i egen forsendelse)

Bakgrunn for saka:

I henhold til kommunelova § 24-7 skal revisor straks sende ei foreløpig innberetning til kontrollutvalet om det vert konstatert misligheter ved revisjon eller på anna måte. Når saksforholdet er nærmare kartlagt skal revisor sende ei endeleg innberetning som nummerert brev med kopi til kommunedirektør.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ved sekretariatet har mottatt nummerert brev nr. 1-25 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 03.02.25.

Revisor vil orientere om innhaldet i brevet i møte og kan svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Brevet er unntatt offentlegheit jf. offl. § 24. På grunn av at saka inneheld opplysningar som er unnateke offentlegheit etter lovverket må utvalet lukke møte under handsaminga jf. koml. § 11-5.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors foreløpige innberetning til orientering.

Kontrollutvalet ber om å bli forelagt endeleg innberetning når saka er endeleg klarlagt.

SAK 06/25 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Jobbar med mva kompensasjon og interimisrevisjon. Frist for levering av årsrekneskapen er 22.02.25, årsmeldinga 31.03.25 og revisjonsberetninga er 15.04.25.

Forvaltningsrevisjon:

Det er gjennomført oppstartsmøte på forvaltningsrevisjon «Introduksjonsprogrammet». Utarbeider ikkje eiga problemstilling på økonomi i prosjektet, men økonomi på overordna nivå vil bli ein eigen del av rapporten.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet. Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Revisor hadde ein gjennomgang og drøfting med utvalet på:

- Eigarskapskontroll
- Forvaltningsrevisjon
- Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunaleigde selskap.

Kontrollutvalet drøfta mogleg forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll av Hovden Skigymnas. Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS legge fram framlegg til prosjektplan med alternativ for gjennomføring av prosjekt.